

**”det frygtelige krigsskib”**  
**- utforming, iverksetjing og virkemåte til lausgjengarlova av 31. mai 1900**

Frode Ulvund,  
Historisk institutt  
UiB 2003

(Utvida versjon av prøveforelesing til dr.philos-graden ved Universitetet i Bergen 7.11.2002. Deler av manuset er trykt i ”Dei farlege fattige - fattigdom som avvik i Noreg ca. 1840-1940” i *Fattigfolk i Bergens stift 1755-2005*, Selja Forlag 2005.)

## **Innleiing**

Lausgjengarlova av 1900 gav høve til å straffa omstreifarar, lausgjengarar, betlarar og drukkenboltar med bøter, fengsel og ved gjentakande tilfelle tvangsarbeid normalt på 18 månader eller tre år.<sup>1</sup> Lova av 1900 var ei nyhending på tre måtar. For det første skilde den ut dette tunge og mest såkalla "uverdige" klientellet frå fattiglova. For det andre gjorde den sanksjonar mot denne gruppa til gjenstand for juridisk behandling mot tidlegare administrative vedtak. For det tredje låg det i lovas bokstav ein føresetnad om behandling, først og fremst av alkoholikarar. I forskingslitteraturen har det vanlege synet på lova vore at den vart utforma som eit tiltak mot omstreiferiet, samtidig som behandlingsperspektivet overfor alkoholikarar kom inn som noko prinsipielt nytt. Ved iverksetjinga fall imidlertid viktige føresetnader for behandlinga vekk, samtidig som erfaringa viste at det urbane og gjerne alkoholiserte proletariatet, ikkje omstreifarane, vart lovas hovedklientell.

I denne artikkelen vil eg argumentere for at prinsippa om rettstryggleik og behandling heile tida var underordna lovas funksjon som eit internerande og uskadeleggjerande verkemiddel. Framstillinga er disponert i fem delar. Først vil eg kort visa korleis tvangsarbeidet vart praktisert før lausgjengarlova, under fattiglovas regime. Så viser eg korleis den judisielle handsaminga og behandlingstanken framstod som sentral ved utforminga av lova, men at interneringa likevel var eit hovedsiktemål. Vidare vil eg vise at behandlingstanken fall ved iverksetjinga av lova, men at den judisielle handsaminga stod fast. I fjerde del vil eg vise at nettopp krava ved den rettslege handsaminga framstod som eit problem ved utøvinga av lova, og korleis ein til utpå 1930-talet tilpassa lovverket for å gjera det lettare å sanksjonera og dermed internera dette klientellet. Til slutt vil eg diskutera korleis uskadeleggjing og tvangsarbeid vart sett på som legitimt samfunnsforsvar, og dermed vera temmeleg ukontroversielt i første del av 1900-talet.

## **Tvangsarbeidarar på 1800-talet – "byens udskud"**

Også før lausgjengarlova reagerte ein mot lausgjengarklientellet. Omstreiferi og lausgjengeri vart omfatta av lovverket tilbake til mellomalderen, og sanksjonane vart institusjonalisert med fattiganordningane og tukthusetableringane på 1700-talet. Vanleg reaksjon var forvising frå distriktet eller tvungent arbeid på tukthus. Fattiglova av 1845 gav kvar enkelt kommune høve til å opprette ein tvangsarbeidsanstalt til bruk mot betlarar og folk som hengav seg til ørkesløyse eller drukkenskap og som vart mistenkt for ikkje å livnæra seg på lovleg måte.<sup>2</sup> Den

---

<sup>1</sup> 31.5.1900: Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskap.

<sup>2</sup> 20.9.1845: Lov om Fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 45.

første gruppa, betlarane, måtte tiltalast ved politirett og hadde fengsel som subsidiær straff. Dei ørkeslause og drukkenboltane, derimot, kunne innsetjast på tvangsarbeid i inntil seks månader utan dom, berre etter eit administrativt vedtak, normalt av politiet på staden. Den nye fattiglova som kom i 1863 endra lite på bestemmelsane om tvangsarbeid.<sup>3</sup> Nytt var likevel at fantar ein ikkje kjende heimstamn til, samt kvinner som unnlot å forsørge barna sine, kunne innsetjast på tvangsarbeid.

Tidleg vart Mangelsgården i Christiania, og "Tvungen" i Bergen berykta tvangsarbeidsanstaltar, og for det store fleirtalet av allmugen var det den største skamma ein kunne oppleve å hamne her.<sup>4</sup> Men etablering av tvangsarbeidsanstaltar var ein frivillig sak for kvar enkelt kommune, og berre eit fåtal gjekk til dette skrittet, for det meste bykommunar. Sjølv om ulike samarbeidsavtalar vart inngått distrikt i mellom, så var tvang ein vanskeleg tilgjengeleg sanksjon i mange område. I dei større byane vart imidlertid tvangsarbeid hyppig brukt og hadde eit omfang som var nært den ordinære bruken av fridomsstraff.<sup>5</sup>

Tvangsarbeidet under fattiglovas regime hadde fleire funksjonar, men den viktigaste var også då interneringa av ulike problem for ei stund. Politimeisteren i Bergen rundt hundreårsskiftet fortalte at tvangsarbeidsanstalten før lausgjengarlova fungerte som eit effektivt middel for å rense gatene for vanskelege urostiftarar, vanetjuvar og bondefangarar.<sup>6</sup> Slik innesperring vart nytta overfor småkriminelle, husville, arbeidslause, og drukkenboltar. Sjølv om prostitusjon var straffbart, var likevel tvangsarbeid mest vanleg sanksjonsmiddelet mot denne gruppa, og eit fleirtal av kvinnelege tvangslemmar hadde tilknytning til verksemda. Tvangsarbeid hadde også funksjon som ei form for akutt fattighjelp for dei mest marginaliserte, her kunne ein frivillig kome og be om innsetjing, og normalt vart det innvilga. Anstalten vart også nytta overfor ustyrlige naboar og familie, ein drikkfeldig mann eller kone, ein son som ikkje vil arbeida eller ei dotter som trakk på gata. Innsetjinga var noko allmugen sjølv kunne true med og noko mange faktisk tok initiativet til. Sjølv om interneringa var forholdsvis kortvarig, maksimalt seks månader og reelt fallande utover hundreåret, så gjorde den forenkla innsetjingsprosessen anstalten til ein veleigna interneringsstad for det politiet og andre oppfatta som plagsomme og farlege folk.

---

<sup>3</sup> 6.6.1863: Lov om Fattigvæsenet i Byene, § 61.

<sup>4</sup> Sjø t.d. Frode Ulvund: "Byens Udsud"? ein studie av karrierar som innsett i tvangsarbeids- og straffanstaltar i Bergen ca. 1850-75, Bergen 2002

<sup>5</sup> Ulvund 2002, s. 89ff.

<sup>6</sup> Julius Olsen: "Politivæsen, strafferetspleien, fængsel, straffanstalter m.v." band 1 i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914, s.348f.

Tvangsarbeidarane rekrutterte frå byens filleproletariat. Både Eilert Sundt og Alexander Kielland omtalte på 1800-talet tvangslemmane som byens ”udskud.”<sup>7</sup> Kielland forklarte vidare at tvangslemmane hadde gjennomgått ”saaatsige alle Trin af Fornedrelsen; de har opgivet sig selv og samfundet har opgivet dem [...]”<sup>8</sup> Også mi eiga undersøking av tvangsarbeidarar i Bergen 1850-75 stadfesta Sundt og Kielland sin karakteristikk. Typisk for tvangsarbeidarane var også at det ikkje var konkrete handlingar som utløyste ei innsetjing, men praktiseringa av eit uønska levesett over lengre tid.

### **Ei lausgjengarlov vert til**

Opptakten til den nye lausgjengarlova kom med nedsetjinga av straffelovkommisjonen i 1885 med professor og seinare riksadvokat Bernhard Getz som drivande og dominerande kraft.<sup>9</sup> Han skulle også få avgjerande innverknad på utforminga. Kommisjonen tok for seg omstreiferiet allereie i eit utkast til ny straffelov i 1887 og igjen i 1893, der tvangsarbeid framleis skulle vera reaksjonsform.<sup>10</sup> I 1892 reviderte Getz bestemmelsane om drukkenskap i eit utkast til lov mot offentleg usedelegheit og venerisk smitte.<sup>11</sup> Samtidig kom tvangsarbeidet under debatt, og i 1894 framsatte straffelovkommisjonen eit utkast til ei eiga lov om lausgjengeri, betleri og drukkenskap, samt om tvangsarbeidshus.<sup>12</sup> Då lova kom til Stortinget i 1898 var bestemmelsane om tvangsarbeidshusa skild ut og innarbeidd i ei ny lov om fengselsvesen og tvangsarbeid.<sup>13</sup> Begge lovene vart debattert i Stortinget våren 1899, vedtatt og endeleg sanksjonert i mai 1900, og må sjåast i samband med ei større lovrevidering innanfor det sosialpolitiske området – vergerådslova i 1896, fattiglova i 1900 og ny straffelov i 1902.

Personar som vart omfatta av den nye lova var arbeidsføre som fall det offentlege til last, ørkeslause personar som ikkje fall det offentlege til last direkte, men som vart antatt å begå regelmessige lovbrøt, betlarar, tilfeldige drukkenboltar og til slutt alkoholikarar. Slik skilde lausgjengarlova seg lite frå bestemmelsane i dei tidlegare fattiglovene. Målgruppa

---

<sup>7</sup> Eilert Sundt: *Om Fattigforholdene i Christiania*, Oslo 1978 [Christiania 1870], s. 152 og 145 og Alexander Kielland: *Den kombinerede Indretning*. Sætryk af ”Stavanger Avis”; Stavanger 1889, her etter Bjørn Utne: ”Den kombinerede Indretning – en sosialpolitisk pakkelsesning fra 1800-tallets Stavanger.” Del III i *Stavanger Årbok* 1982, s. 103.

<sup>8</sup> Her henta frå Utne 1982, s.103.

<sup>9</sup> Sjå også Nils Christie: *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Universitetsforlaget 1960, og Ragnar Hauge: ”...og alskens elendighet.” i *Rus & avhengighet*, nr 4/2000, siine handsamingar av lausgjengarlova.

<sup>10</sup> Bernhard Getz: *Foreløbigt Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge*, Kristiania 1887, B.Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge*, Kristiania 1893

<sup>11</sup> B.Getz: *Udkast til Lov til Modarbeidelse af offentlig Usædelighed og venerisk Smitte : med Motiver*, Kristiania 1892

<sup>12</sup> Straffelovkommisjonen: *Udkast til Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskap samt om Tvangsarbeidshuse*, Kristiania 1894

<sup>13</sup> St.forhandlingar 1898/99, Oth.prp. 2: Ang. Lov om Løsgjængere og Oth.prp.3: Om Fængselsvæsen og Tvangsarbeide.

syntest å vere den same. På tre område kan ein likevel seie at den nye lova skilde seg frå den gamle. For det første var ånden i den gamle fattiglova utelukkande refsande overfor dei sanksjonerte. Den nye lova bar derimot også preg av omsorg, sanksjonen skulle ikkje berre vere refs og avskrekking, men også hjelp og behandling. For det andre innførte lova ei judisiell handsaming av brot mot lova mot tidlegare kun administrative vedtak for dei største gruppene som vart omfatta av fattiglova. For det tredje, og som ein følgje av den judisielle handsaminga, vart lova langt meir detaljert med omsyn til kva som kvalifiserte til sanksjon, og fekk også ein langt meir detaljert og ryddig prosess fram mot innsetjing.

Behandlingsaspektet trer fram i kapitlet om drukkenskap. Alternativ til tvangsarbeidshus for personar som var "forfalne" til drukkenskap var kuranstaltar. Lova om fengselsvesen og tvangsarbeid føresette også at staten oppretta ein eigen anstalt eller avdeling for alkoholisererte menn som trong "særlig Behandling" på grunn av drukkenskap.<sup>14</sup> Synet på alkoholisme var i sterk endring i siste halvdel av 1800-talet. Tidlegare var det vanleg å sjå på alkoholisme som eit resultat av moralsk forfall den enkelte sjølv var skuld i. På midten av 1800-talet introduserte den svenske legen Magnus Huss omgrepet kronisk alkoholisme og bidrog til ei forståing av alkoholisme som ein sjukdom som kravde behandling, på linje med andre lidingar. I Norge hadde dei sinnsjuke fått si lov så langt tilbake som i 1848 med medfølgjande institusjonalisering og profesjonalisering.<sup>15</sup> Getz og straffelovkomiteen gav også klart uttrykk for at dei oppfatta alkoholisme som ein sjukdom i sitt utkast. Dei meinte at vanleg straff ville utretta lite overfor denne gruppa og forklarte at det var grunnen til forslaget om tvangsinnsetjing i såkalla "Drankerasyl" for alkoholikarane.<sup>16</sup> Vidare skulle også tvangsarbeidsanstaltane vera innretta best mogleg for kurativ behandling av drankarane. Tidleg kom likevel innvendingar om at utkastet skilde for lite mellom den tilfeldig drankaren som burde få straff og den kroniske alkoholikaren som lei av ein sjukdom og som burde få behandling.<sup>17</sup> Getz avviste dette og meinte at lovforslaget om at staten skulle opprette ein eigen anstalt eller avdeling for behandling av drankarar var oppfølging nok.<sup>18</sup>

Sjølv om alkoholisme var anerkjend som sjukdom, vart likevel forslaga om behandlingstiltak halvhjarta. Det vart opna for, men ikkje pålagt staten, å opprette egne

---

<sup>14</sup> 31.5.1900: Lov om Fængselsvæsenet og om Tvangsarbeide, § 50. Denne lova vart vedtatt på nytt 12.12.1903 i samband med iverksetjinga av den nye straffelova frå 1902. For tvangsarbeidet var det berre mindre endringar.

<sup>15</sup> 17.8.1848: Lov om Sindsyges Behandling og Forpleining

<sup>16</sup> Stortingets forhandlinger 1898/99, band 3, Oth.prp.2, s.11

<sup>17</sup> Til dømes gjekk ein fogd mot lova fordi staten heller burde oppretta heimar for drikkfeldige der dei kunne behandlast (Oth.prp.2, s.7). Også på Kriminalistforeningens møte i 1894 innleia Berner med eit foredrag om at ein skilde for lite mellom "leilighetsdrankeren" og den kronisk alkoholisererte (Oth.prp.2, s. 11)

<sup>18</sup> Stortingets forhandlinger 1898/99, band 3, Oth.prp.2, s.12

kuranstaltar.<sup>19</sup> Det var nok med egne slike avdelingar innanfor tvangsarbeidsanstaltane. Korleis behandlinga elles skulle skje, vart ikkje konkretisert. Den einaste kjende form for behandling var fråhald frå alkohol, arbeid, gjerne i friluft, religiøs og almen moralsk påverknad. Det fanst inga medikamentell behandling.

For Getz var heller aldri behandling, eller "helbreding", noko sentralt motiv ved utforminga av lova. Sjølv sagt hadde han ingenting imot at alkoholikarar forlot tvangsarbeidsanstaltane som kurerte, men det var uansett ein biverknad av hans viktigaste motiv; bruken av tvangsarbeid som interneringsverkemiddel. Med lova i handa skulle tvangsarbeidet vere eit samfunnsforsvar mot og uskadeleggjere den fare som lausgjengarlova sitt klientell stod for, både overfor eigedom og tryggleik:

"Lediggjængerer er ikkje alene en Byrde paa Samfundets Kasse, men ogsaa en Fare for den offentlige Orden og for Retssikkerheden. I Virkeligheden kan man jo endog trygt gaa ud fra, at de fleste Dagdrivere og Vagabonder nu og da og en større Del af dem regelmæssig begaar Forbrydelser, ja at de, saafremt de verken lever af Fattigunderstøttelse eller af Betleri, henter sit regelmæssige Underhold fra Tyverier o. Lign."<sup>20</sup>

Botemiddelet mot dei såkalla profesjonelle lediggjengarane skulle vere tvangsarbeid, først og fremst ved sin internerande og uskadeleggjerande funksjon: "Ved en længere Tids Tvang bør han berøves Leiligheden til nye Foreseelser".<sup>21</sup> Denne tankegangen var i tråd med den individualpreventive trenden som rådde innanfor kriminologi og strafferett i samtida.

Som jurist såg Getz to hovudproblem med tvangsarbeidet slik det hittil var praktisert gjennom fattiglova, nemleg den administrative handsaminga og den uforholdsmessige lange innsetjingstida. Skiljet mellom tvangsarbeid og vanleg fridomsstraff var i praksis så lite at Getz meinte det var i strid med grunnlova. Paragraf 96 seier at ingen kunne straffast utan etter dom. Getz forklarte at tvang kunne forsvarast overfor folk som var utilreknelege på grunn av alder eller sinnsjukdom, men overfor vaksne, fullt ut tilreknelege menneske vil det vere veldig farleg å tillate tvang utan at det var utøva eit rettsbrot. Samtidig var også praktiseringa av tvangsarbeid mot lausgjengarar problematisk etter opphevinga av lova om tenestetvang i 1854 då ingen lenger kunne straffast eller handsamast som lausgjengar så lenge ein ikkje fall det offentlege til byrde.<sup>22</sup> Ein konsekvens av Getz sitt syn var at departementet i 1894 innskjerpa

---

<sup>19</sup> 31.5.1900: *Lov om Fængselsvæsenet og om Tvangsarbeide*, § 50.

<sup>20</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver.*, Kristiania 1893, s. 118.

<sup>21</sup> Getz 1893, s. 118.

<sup>22</sup> 28.8.1854: *Lov vedkommende den i Landdistricterne bestaaende foplightelse til at tage fast aarlig Tjeneste.*

kravet om at tvangsarbeidarar måtte falla fattigvesenet eller andre til byrde for å kunne innsetjast.<sup>23</sup>

For å legitimere tvangsarbeidet valde ikkje Getz å omdefinere sanksjonen frå eit onde eller straff til hjelp og behandling som ein del andre gjorde. Han valde i staden å kriminalisere tilhøva som var omhandla av fattiglova. For å sitere utkastet:

”Ene og alene paa Grundlag af Løsgjængeriets Strafbarhed kan i Virkeligheden overhovedet en Tvangsanvendelse i den Udstrækning, som paakrævet, forsvares.”<sup>24</sup>

Getz argumenterte med at forholda lausgjengarlova sanksjonerte mot var ein fare for privat eigedom, offentlege orden og ålmenn tryggleik, fordi ein trygt kunne gå ut frå at dei fleste som vart ramma av lova levde regelmessig av lovbrøt. Dermed var dei også straffbare. Dette innførte eit nytt prinsipp om straff på grunnlag av mistanke, noko som vekte kritikk også i samtida. Men Getz avviste kritikken fordi det ikkje skjedde tvangsarbeidarane noko urett ”al den Stund det er *sikkert*, at de er strafskyldige Forbrydere, selv om ikke i Tilfælde nogen enkelt Forbrydelse kan bevises”.<sup>25</sup> Om drukkenskap uttalte Getz og komiteen at det i og for seg ikkje var straffbart. Men erkjende ein først at drukkenskap var ei last som var til fare for andre og for samfunnet generelt, hadde ein grunnlag for å stemple også det som straffverdig. Samfunnet hadde rett til å forsvare seg mot ulempene som drukkenskapen førte med seg. Getz hadde dermed tilbakevist innvendingane mot å påføre denne gruppa sanksjonar. Ved å definera visse livsstilar, ikkje berre visse handlingar, som kriminelle, kunne ein reagere rettsleg overfor gruppa utan å koma i strid med grunnlova.

Men eitt problem stod att. For at interneringa skulle ha nokon effekt, måtte den ha ei viss varigheit. I opplysningstidas strafferettsfilosofi, som også kriminallova frå 1842 var prega av, stod forholdsmessigheit mellom lovbrøt og straff sentralt. Kunne den lange straffetida for brot mot ei lausgjengarlov forsvarast? Professor i rettsvitskap, Ebbe Hertzberg, gjekk på Kriminalistforeninga sitt møte i 1893 mot å sjå på tvangsarbeid som straff, nettopp fordi den uforholdsmessige lange straffetida ikkje lot seg legitimere.<sup>26</sup> Var det riktig at lausgjengeri kunne bli straffa lengre enn lekamskrenking med døden til følge? Tvang måtte ikkje sjåast på som straff, men som tvangsforsørgelse. Tvang vart dermed omdefinert til hjelp, ikkje straff, og slik kunne den lange innsetjingstida også legitimerast.

---

<sup>23</sup> Justisdepartementets sirkulærskrivelse av 24.5.1894, her henta frå *Forhandlingar ved Den Norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, s. 68ff.

<sup>24</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Lov om Løsgjænger*, Kristiania 1894, s. 17.

<sup>25</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver.*, Kristiania 1893, s. 122.

<sup>26</sup> Nils Christie: *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Universitetsforlaget 1960, s.42ff

Getz på si side støtta seg til den individualpreventive trenden innanfor strafferettstenkinga og prinsippet om den tidsubestemte straffa. Overfor spesielt farlege personar hadde samfunnet rett og plikt til å utøve eit særleg forsvar ved å internere desse så lenge ein fann det nødvendig, rett nok innanfor maksimaltider alt etter lovbroet. Slik fekk straffelova av 1902 bestemmelsar som gav dommaren høve til å ileggje dei retten oppfatta som særskilt farlege forbrytarar tre gonger vanleg maksimalstraff, avgrensa til maksimalt 15 år lenger enn maksimalstraff.<sup>27</sup> Det store inngrepet i den personlege fridomen som tvangsarbeidet utgjorde vart dermed legitimert ved at gruppa som vart omfatta av lausgjengarlova og som var residivistar, nettopp vart oppfatta som ein særleg fare for den offentlege tryggleiken, og dermed kunne utsetjast for særlege tiltak.

Getz fekk gjennomslag for å sjå på tvangsarbeid som straff, og fekk også gjennomslag for den langvarige interneringa. Vilkår for tvangsarbeid var ein dom, men sjølve avgjerda om tvangsarbeid skulle påførast i tillegg eller i staden for fengselsstraff, vart overlata til påtalemakta å vurdere. Argumentet var at tenestemenn innan påtalemakta kjende den enkelte best og var best i stand til å vurdere både om tvangsarbeid var nødvendig, og i så fall kor lenge.<sup>28</sup> Getz gjekk elles endå lenger i utkastet i retning av å gjera avgjerd om tvangsarbeid administrativt, men i skin av judisiell handsaming. Straffelovkomiteen gjekk nemleg inn for at all lauslating skulle vere prøvelauslating, uansett om ein slapp laus før tida eller ikkje.<sup>29</sup> Om ein innan eitt år etter lauslatinga braut vilkåra for lauslating, skulle ein kunne innsetjast for inntil to nye år etter administrativt vedtak. Slik kunne ein gong på gong risikera å verta innsatt på tvangsarbeid utan dom. For det tyngste klientellet på tvangsarbeidsanstalten betydde dette i praksis inga endring med omsyn til rettstryggleiken frå fattiglova til lausgjengarlova. Forslaget vart oppfatta som altfor radikalt av departement og storting, men det vart gitt høve til å bestemme retur for ferdigsoning av tvangsarbeid om ein braut vilkåra for prøvelauslating.<sup>30</sup> Getz hadde eit hovudansvar for at lausgjengarsakene vart underlagt judisiell behandling. Det gav også tvangsfangane ein betydeleg forbeta rettstryggleik. Men samtidig er det viktig å understreke at dette skjedde først og fremst fordi tvangsarbeidet var i strid både med grunnlova og med rådande juridiske prinsipp. For Getz var det omsynet til ei modernisering på dette området viktigare enn omsynet til klientane.

---

<sup>27</sup> 22.5.1902: Almindelig borgerlig Straffelov, § 65.

<sup>28</sup> St.forh. 1898/99, Indst.O.XIX, s. 5, og St.forh. 1898/99 Oth.prp. 2, s. 15.

<sup>29</sup> Straffelovkommissjonen: Udkast til Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukenskab, samt om Tvangsarbeidshus, Kristiania 1894, § 33. (s. 10)

<sup>30</sup> St.forh. Oth.prp.3, s. 31 og 31.5.1900: Lov om Fængselsvæsenet og om Tvangsarbeide, § 54.



Getz hadde lita tru på behandling av lausgjengarar og drukkenboltar. Det var interneringa, eller renovasjonen som var det sentrale. Ein trong eit sterkt verkemiddel for å uskadeleggjere vanekriminelle som trua den private eigedomsretten, drukkenboltar som ikkje berre var eit ubehageleg bilete i det offentlege rom, men som også utgjorde ein fysisk fare for tilfeldige, naboar og familie. Om tvangsarbeidaren mot formodning vart kurert, var det mest å oppfatta som ein bonus. Andre i hans samtid var prega av større behandlingsoptimisme og såg på lova ikkje berre som refs og forsvar, men som ein hjelp til å kome på fote att. Til sjuande og sist var det Getz sitt syn som prega utforminga av lova, eit syn som berre vart forsterka då lova vart iverksett. Lausgjengarlova var slik ei endring i form, først og fremst gjennom innføringa av den judisielle prosessen, meir enn endring i innhald frå fattiglova. Målgruppa syntest å vere den same, og formålet med tvangen syntest også å vere den same. Sjølv om alkoholisme alment vart oppfatta som ein sjukdom, vart lausgjengarklientellet i praksis sett på som ordensproblem som måtte uskadeleggjerast, ikkje som sjuke pasientar.

### **Ei amputert lov vert endeleg sett i kraft**

Lausgjengarlova vart sanksjonert 31. mai 1900, men trådde først i kraft 1. august 1907. I mellomtida var alt ved det gamle, og avgjerdene i den gamle fattiglova galdt og dei gamle tvangsarbeidsanstaltane vart framleis nytta, der slike fanst. Trass i den lange tida frå sanksjon til iverksetjing mangla infrastruktur framleis då lova byrja virka. Det fanst ingen statlege tvangsarbeidsanstaltar og det fanst heller ingen kurstader. Ein komité vart i 1905 nedsatt for å utreda behovet for nye tvangsarbeidsanstaltar og kom med si innstilling i mars 1907. Dei hadde som utgangspunkt at anstaltane måtte byggjast så enkelt og billeg som råd. Kuranstaltar vart ikkje omtala i det heile, men dei gjekk inn for ei klassifisering av tvangsfangane ved at dei unge burde skiljast ut for seg i eigen anstalt der forholda skulle leggjast best mogleg til rette for rehabilitering.<sup>31</sup> For den eldre gruppa av vaneforbrytarar, lausgjengarar og drukkenboltar meinte komiteen at det ikkje var grunn til å gjere store ofre og at anstaltane for desse burde innrettast mest mogleg økonomisk for staten. Komiteen såg ikkje noko håp om forbetring for desse, og "hovedøiemedet" som komiteen sa, var å forvare dei, så samfunnet for kortare eller lengre tid vart kvitt dei.<sup>32</sup> For kvinner vart det anbefalt å ta i bruk landsfengslet også til tvangsarbeid. Kor stort behovet for plassar samla sett ville vere, var komiteen usikker på, og her var det også dissens. Eit fleirtal meinte at behovet, på grunn av dei strengare krava til bevis

---

<sup>31</sup> *Om istandbringelse af nye tvangsarbeidsanstalter. Indstilling fra den af justisdepartementet 28de september 1905 nedsatte komite,* Kra 1907, s. 5ff.

<sup>32</sup> *Om istandbringelse af nye tvangsarbeidsanstalter. Indstilling fra den af justisdepartementet 28de september 1905 nedsatte komite,* Kra 1907, s. 9.

og bortfallet av den frivillige innsetjinga, ville vere noko lågare enn med den nye lova, medan eit mindretal meinte det heller ville bli noko større, blant anna på grunn av ein forventet auke i omstreiferiet.

I 1907 vart ein del av dei eldre kommunale tvangsarbeidsanstaltane nedlagd, berre den i Bergen og Kristiania heldt ein fast på, der staten inngjekk femårig leigeavtale. I tillegg vart det oppretta ein avdeling for kvinner ved landsfengslet i Kristiania (Arbeidshuset for Kvinder).<sup>33</sup> I 1912 gjekk leigeavtalen med Bergens gamle tvangsarbeidsanstalt ut, og fangande dit vart overflytta til Kristiania.<sup>34</sup> Den første statlege tvangsarbeidsanstalten vart først opna på Opstad på Jæren i 1915, då også den mannlege anstalten i Kristiania vart nedlagd.<sup>35</sup>

Mangelen på anstaltar førte også til at kravet om eigne avdelingar eller anstaltar for alkoholikarar ganske enkelt vart fjerna då lova skulle iverksetjast i 1907.<sup>36</sup> Argumentet var at så mange av tvangsarbeidarane tilhørte denne gruppa uansett, att det ikkje var noko poeng å opprette eigne anstaltar for desse. Første kurstaden vart opna i 1909 i regi av Blå Kors, og året etter opna legeföreningen ein kurstad på Ørje. I 1913 vart også ein kurstad etablert for kvinner på Jeløya. Desse var imidlertid primært innretta for dei som la seg inn frivillig. Statlege kurstader kom først i 1920 då staten overtok Ørje og i 1922 ved oppretting av ein ny. I 1928 vart Sem hjelpefengsel tatt i bruk som tvangsarbeidsanstalt for eldre og sjuke som ikkje var i stand til å arbeide. I tillegg vart det oppretta eit par arbeidskoloniar for omstreifarfamiliar som desse frivillig kunne velje framfor tvangsarbeid.

Då lausgjengarlova trådde i kraft i 1907 var Bernhard Getz død. Det må ein også kunna seia om behandlingsspektivet ein kunne skimte under utforminga. For Getz var det aldri viktig, anna enn som legitimerande og konsensusskapande grep. Tilpassinga av lovverket for å sleppe å etablere kuravdelingar var for så vidt berre ein dødsattest på ein allereie død tanke. Kuranstaltane som fanst var private og basert på frivilligheit, verken dei gamle eller etterkvart nye tvangsarbeidsanstaltar var særleg høvelege for behandling. Ved iverksetjinga stod uskadeleggjinga og interneringa aleine tilbake som berande element i lovverket. Men den judisielle handsaminga stod framleis ved lag. I det følgjande vil eg visa at nettopp det skapte problem ved praktiseringa av lova, nettopp fordi det begrensa tilgangen til internering.

## ”det frygtelige krigsskib” går på grunn

---

<sup>33</sup> NOS V. 168. *Fængselsstyrelsens aarbok 1908*, Kra 1912, s. 20

<sup>34</sup> NOS VI.75, *Fængselsstyrelsens aarbok 1912*, Kra 1916, s. 21

<sup>35</sup> NOS V.134, *Fængselsstyrelsens aarbok 1915*, Kra 1918, s. 23f. Som ei mellombels løysing vart imidlertid ei tvangsavdeling innretta ved landsfengslet i Trondheim for menn i åra 1915-19.

<sup>36</sup> 26.3.1907: Lov om forandring i lov om fængselsvæsen og tvangsarbeid af 12.12.1903, § 1.

Politiadjutant og aktor i lausgjengarsaker, Harald Wiesener, heldt innleiingsforedraget då Kriminalistforeninga i 1912 diskuterte røynslene med lausgjengarlova. Wiesener utmalte i svært poetiske vendingar dei forventningane ein hadde ved iverksetjinga:

”Da løsgjengerloven sommeren 1907 viste sit truende skrog i horisonten, stod vore løsgjengere rundt omkring paa bakker og berg og stirret paa det frygtelige krigsskib med angst og bæven. Det hadde jo gaat frasagn om dette skib. Det var bygget under overledelse av vort lands største kriminalistiske bygmester. Man visste, at den mest moderne teknikk var tat i bruk ved skibets utstyr og indredning. Man visste, det skulde ha kanoner, kraftigere og mer vidtrækkende end noget tidligere skib i vor flaaate. Intet under derfor, at vore løsgjengere blev rædde, da de fik se det. Enkelte overgav sig ogsaa paa naade og unaade, flere tok flugten, og aldrig har vor by været mer ren for løsgjengere end de første maaneder, efterat loven var traadt i kraft.”<sup>37</sup>

Varte skrekken for dette ”krigsskipet”? Dei viktigaste heimlane bak innsetjingar på tvangsarbeid 1907-13, altså etter at lausgjengarlova var trådd i kraft, var for menn drukkensksparagrafane (81 prosent) mot 16 prosent etter lausgjengarparagrafane, altså å vere ørkeslaus utan å ha lovlege inntekter å visa til.<sup>38</sup> For kvinner var det motsett, 56 prosent vart innsett etter lausgjengarparagrafane mot 42 prosent for drukkenskap.

Den mest vanlege innsetjingstida var 18 månader, men på slutten også tre år ettersom tida opna for stadig fleire residivistar. Men det var likevel svært vanleg å bli lauslaten på prøve til dels lenge før tida. For dei som vart sett inn på 18 månader var gjennomsnittleg tid før prøvelauslating 8 ½ månad, altså mindre enn halve tida.

Umiddelbart får ein ikkje av desse tala noko inntrykk av at klientellet hadde forandra seg nemneverdig før og etter iverksetjinga av lova. Men éin stor forskjell var det, talet på tvangsarbeidarar fall dramatisk, langt meir enn kva som var forventa. I åra 1901-1905 vart det i gjennomsnitt kvart år føretatt 735 innsetjingar av menn og 262 av kvinner på tvangsarbeid etter bestemmelsane i fattiglova.<sup>39</sup> For åra 1907-1913 vart til samanlikning berre 114 menn og 33 kvinner innsett etter dom.<sup>40</sup> For menn utgjorde dette mindre enn ein sjettedel og for kvinnene ein åttandedel av det tidlegare omfanget av tvangsarbeid.

Noko av nedgangen må naturlegvis tilskrivast den lengre innsetjingstida som reduserte gjennomstrøyminga. Men det var to andre årsaker som var langt viktigare. For det første var det altså ikkje lenger mogleg å frivillig be om tvangsarbeid, noko som var forholdsvis vanleg før. For det andre vart bevisskravet i mange saker altfor vanskeleg å oppfylle. Den tidlegare

---

<sup>37</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 65.

<sup>38</sup> Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14, tabell s. 3.

<sup>39</sup> Tala er henta frå NOS *Fengselsstyrelsens Aarbog* med data frå åra 1901-1906. Tala viser det samla talet på innsette tvangslemmar fråtrekt menn som vart innsett etter lov om manglande betalt underholdningsbidrag frå 6.7.1892.

<sup>40</sup> Basert på tal frå Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14, tabell s.3.

nemnde politimeisteren i Bergen gav i 1914 uttrykk for at beviskravet i høg grad hadde lamma politiet sitt arbeid med å verne samfunnet mot lausgjengarklientellet.<sup>41</sup> Departementet hadde allereie teke problemet på alvor, og utba i 1910 høyringsutalelsar frå ei rekkje instansar som var involvert i utøvinga av lausgjengarlova.<sup>42</sup> Tilbakemeldingane var rimeleg samstemde, lova hadde ikkje vist seg å svara til forventningane, og nettopp dei strenge krava domstolane stilte, saman med ein liten og ineffektiv politistyrke, var forklaringa på det.

Særleg viste det seg å vere vanskeleg å få folk dømt for å vere ”forfallen” til drukkenskap. Enkelte stader fekk ein ikkje brukt paragrafen utan sakkyndige erklæringar på at vedkomande var ”forfallen”, og spørsmålet om ein verkeleg var alkoholikar eller berre såkalla leilighetsdranker, viste seg å vere vanskeleg å ta stilling til. Resultatet var ei omformulering av paragrafen, nemleg at ”forfallen” vart skifta ut med ”jevnlige misbruker berusende drikk”. Vidare argumenterte departementet med at også uhelbredeleg sjuke burde vere kvalifiserte fordi ”internering ogsaa i disse tilfælde vil kunne være til gagn baade for den domfældte selv og for hans paarørende og samfundet”.<sup>43</sup>

Paragrafane som gav straff for offentleg fyll hadde imidlertid virka tilfredsstillande, men hadde likevel etter mange si meining fått ei uheldig innskrenking gjennom ein høgsterettsdom frå 1908.<sup>44</sup> Paragrafen sa det var nok å forulempe omgjevnadene, men at ein måtte vere til fare for husfeller. Høgsterett slo fast at omgjevnadene ikkje skulle omfatte husfeller, og dermed var ein avskåren frå å gripe inn i ein del familiesaker. Høgsterett si lovtolking var juridisk-formell, og møtte altså motstand på fleire hald. Særleg skulle kvinneorganisasjonar gripe fatt i problemet.

Eit anna stort problem var innskrenkinga i bruken av tvang mot prostituerte.<sup>45</sup> Prostitusjon vart avkriminalisert i 1902. Tilbake stod forbod mot hallikverksemd og oppfordring til prostitusjon.<sup>46</sup> Politimeisteren i Bergen forklarte at det hadde vore forsøkt å få desse kvinnene innsett ved å nytta drukkensparagrafane, men at det ikkje hadde lykkast på grunn av bevismangel.<sup>47</sup> I følgje politimeisteren resonnererte retten at dei prostituerte ikkje drakk fordi dei var drikkfeldige, men fordi det høyrde med til geskjeften deira. Ved utforminga og tolkinga av lova vart det gitt uttrykk for at § 4, som gjorde det forbode å vere ørkeslaus og

---

<sup>41</sup> Julius Olsen: ”Politivæsen, strafferetspleien, fængsel, strafanstalter m.v.” band 1 i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914, s.350.

<sup>42</sup> Departementet sende ut skriv til amtmennene 30.7.1910 der ein ba om uttalar frå samtlege politimestrar og futar om korleis lova hadde virka. Uttalane resulterte i Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14.

<sup>43</sup> Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14, s. 21.

<sup>44</sup> Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14, s. 20.

<sup>45</sup> Sjå også Kari Melby: ”Prostitusjon og kontroll” i *Det kriminelle kjønn*, Oslo1980.

<sup>46</sup> 22.5.1902: Almindelig borgerlig straffelov, §202??

<sup>47</sup> Stortingets forhandlingar 1914, band 3, Oth.prp 14, s. 13.

mistenkt for regelmessige straffbare handlingar, skulle kunne nyttast mot prostituerte. Den kriminelle handlinga var ikkje prostitusjonen, men oppfordringa til prostitusjon, som framleis var straffbart. Også her vart bevisvanskane store, og ønsket om å inkludere prostitusjon som tilstrekkeleg kvalifisering for tvangsarbeid vart reist. Venstreregjeringa forsøkte også eit par gonger å få dette til, men freistnadene førte ikkje fram.<sup>48</sup>

Lausgjengarlova var altså også gjenstand for debatt, som eitt av tre større tema, på den norske kriminalistforeninga sitt møte i desember 1912.<sup>49</sup> Møtet hadde brei deltaking av sentrale personar frå ei rad ulike samfunnsområde knytt til strafferett og fengselsvesen. Også då lausgjengarlova vart diskutert var ulike instansar med røymsler frå tvangsarbeid representerte, frå påtalemyndighet til sakkyndige, dommarstand og anstaltbestyrarar. Politiadjutant Wiesener framstilte som vist forventningane til lova i ei biletrik språkdrakt, og gav også uttrykk for at lausgjengarane frykta den. Men dette hadde snudd seg raskt. Wiesener heldt fram at lausgjengarane raskt mista respekten for "fienden" sitt "krigsskip", det var ikkje så frykteleg som den såg ut til. Tvert om var det større grunn til å sjå på lausgjengarlova som ei vernelov for lausgjengarane, ei lov som gjorde lausgjengeriet til eit freda område, "hvor man frit kunde hendrive sin dag uforstyrret av misfornøiede hustruer og nærgaaende politi".<sup>50</sup> Hovudproblemet var innføringa av den rettslege handsaminga av lausgjengarsakene som vanskeleggjorde ein effektiv handheving av lova:

"Man kan si om den tidligere ordning, hvad man vil, at den var umoderne, la for stor myndighet i en politimands haand o.s.v. Men den store fordel hadde den dog, at den, som traf avgjørelsen, gennem længere tids iagttagelser - egne og underordnedes - havde hat anledning til at skaffe sig godt kjendskab til angjældende person, hans vaner og tilbøieligheder, hans daglige levesæt, omgang o.s.v., likesom vedkommende politiembedsmand gennem tilfældenes mangfoldighed og i det i stillings medfør indvundne erfaringer om samfunds- og arbejdsforhold m.v. som regel havde ganske andre forudsætninger for at kunne se tilfældet praktisk an og bedømme det rigtig end en tilfældig sammensat meddomsret."<sup>51</sup>

Etter slik eigentleg å ha argumentert for kor meir effektiv den administrative innsetjinga var, avslutta han med å seie at han ikkje gjekk inn for å få den tilbake, men underforstått mest fordi eit slikt framlegg uansett ikkje ville fått tilstrekkeleg tilslutning. I stadenfor foreslo han å oppretta egne lausgjengardomstolar der dommarane var særskilt kjend med lausgjengarmiljøet. Særleg var han skeptisk til at meddommarar skulle dømma i slike saker fordi desse "sivile" for lett vart dupert av komplekse saker og løgner kokt i hop av tiltalte og

<sup>48</sup> Sjå handsaminga av Oth.prp.14 (1914) og Oth.prp.23 (1916) for lagnaden til desse forsøka.

<sup>49</sup> Sjå *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913.

<sup>50</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 66.

<sup>51</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 94.

kameratar av tiltalte.<sup>52</sup> I tillegg meinte han at lova sitt krav om advarsel frå politiet og tilvising av arbeid som ein føresetnad for å verta tiltalt, burde falle bort.

Fredrik Woxen, ekspedisjonssjefen for fengselsvesenet, sa seg samd med det meste av det Wiesener hadde framheldt – lausgjengarlova svarte ikkje til forventningane: ”Det er sikkert nok, at disse bestemmelser ikke har virket saaledes, som vi tænkte, da loven blev git.”<sup>53</sup> Det var nok å visa til den sterke nedgangen i talet på innsette, supplert med andre innberetningar, for å slå fast at ”der rundt om i landet findes et stort antal personer, arbeidsskye, løsgjængere, omstreifere, drukkenbolter, som gaar frit omkring, men som burde være tat under behandling i en anstalt.”<sup>54</sup> Dette var delvis eit resultat av måten lova var utforma på, men mest av alt måten den var handheva på. Politiet burde for det første gått meir systematisk og energisk i verk med å følgja opp lausgjengarane. Det måtte ikkje oppfattast som ein kritikk mot politiet, snarare ein kritikk av styresmaktene som ikkje hadde rusta politiet opp til denne oppgåva. Vidare peika Woxen på domstolane si tolking av lova, og det sterke kravet til bevis som var nødvendig for domfelling. Her ville Woxen mjuka opp, særleg for personar som var tidlegare dømde for brot mot lausgjengarlova. Han følgde opp Wiesener og poengterte at rettstryggleiken ikkje ville verta svekka når berre folk som kjente til lausgjengartilhøva fekk eit sterkare ord med i laget. Dette kunne skje ved å avskaffa forsvararrolla i slike saker, ettersom forsvararane alltid gjekk inn for frifinning og slik ikkje ivaretok lausgjengaren sitt eige beste, overføre sakene til forhøyringsretten utan innblanding frå ”sivile” og til slutt ved å ta opp att Getz sitt framlegg om at all lauslating skulle skje på prøve. Desse grepa ville effektivisera handsaminga av lausgjengarsakene utan at det i følgje Woxen gjekk på kostnad av lausgjengarane sjølve og kravet til rettsleg handsaming.

And. Færden var byrettsdommar i Kristiania og hadde i så måte røynsler med lausgjengarlova frå domstolen si side. Også han gav uttrykk for at han som fagdommar fann det problematisk med meddommarar i lausgjengarsaker ettersom forsvararane fann det ”for godt at spille paa visse strenge, der slaar altfor godt an hos meddommerne.”<sup>55</sup> Men på same måten som politiadjutanten var skeptisk til måten domstolane handsama desse sakene på, var dommaren skeptisk til måten påtalemakta la dei fram på. Deira framskaffing av bevis hadde vore ”usikker og famlende” og tidvis opplevde han som dommar at det vart forventa av retten å skulle ta ein del ting for gitt. Blant anna var kjennskapen til den enkelte sin sanksjonshistorie ofte svært mangelfull, og dommaren nytta samtidig høvet for å slå eit slag for å oppretta eit

---

<sup>52</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 96.

<sup>53</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 97.

<sup>54</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 98.

<sup>55</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 123.

generelt strafferegistersystem, noko som mangla heilt. Når den mangelfulle oppfølginga frå påtalemakta vart kombinert med dei strenge beviskrava, vart det vanskeleg med domfelling i mange saker. Lova burde forenklast, slik at ein ikkje kasta barnet ut med badevatnet, som Færden meinte den ”overordentlig omhyggelige” utforminga av deler av lova bidrog til.<sup>56</sup>

Bestyraren av tvangsarbeidsanstalten i Kristiania, Arne Omsted, syntest også at lausgjengarlova fungerte skuffande, men han hadde heller ikkje venta noko anna. Når det skulle dom til kunne ein ganske enkelt ikkje venta at det skulle gå så ”ganske gesvindt, som naar en politifuldmægtig efter en overmaade summarisk behandling kan sætte en mand ind på tvangsarbeide”.<sup>57</sup> For øvrig meinte Omsted at innleiaren, politiadjutanten, i for stor grad hadde sett på tilhøva gjennom ”politilorgnetten”. Omsted ville gripa det an frå den andre sida, frå anstalten si, og gav eit langt meir optimistisk bilete enn dei andre. Først med den nye lausgjengarlova var det blitt noko meining med tvangsarbeidet: ”Nu er det blit interessant; det var det ikkje før [...]”.<sup>58</sup> Den gamle praktiseringa av tvangsarbeidet der nærmast kven som helst kunne bli ”kasta” inn på tvangsarbeid, som det heitte, på relativt korte opphald, hadde gjort anstalten utenleg når det galdt forbetring og påverking av dei innsette. Enkelte kom inn opptil seks gonger i løpet av eit år, det heile føregjekk maskinmessig og utan mål. Den administrative innsetjinga var ikkje berre ei skam for eit sivilisert folk, men også øydeleggjande for den enkelte si sjølvverkjenning og ettertake fordi den forbitra dei. I tillegg var heller ikkje nedgangen i talet på innsette så stor som innleiaren ville ha det til, blant anna fordi innsetjingstida vart lenger og gjennomstrauminga gjekk ned. Snarare enn å gå vegen om lovrevidering, meinte Omsted som Woxen at ein hovudårsak låg i dei manglande politioresursane. Eigne avdelingar i politiet med særskilt ansvar for lausgjengarsaker burde opprettast, særleg i dei største byane, med nødvendig kjennskap til miljøet generelt og kvar enkelt lausgjengar spesielt. Dette grunn gav han blant anna med at det var her at talet på innsette hadde gått ned etter iverksetjinga av lova. I dei mindre og meir oversiktlege byane var talet på tvangsarbeidarar berre vorte redusert marginalt. I Stavanger, Kristiansund og Ålesund hadde til og med fleire vorte innsett i åra etter den nye lova enn før.<sup>59</sup>

Omsted fekk støtte hjå Johan Scharffenberg. Han var lege ved tvangsarbeidsanstalten i Kristiania i dei siste par virkeåra til fattiglova, og hadde sjølv røynd den uheldige virkemåten til tvangsarbeidsanstaltane under fattiglova sitt regime. Scharffenberg gjekk inn for ei vitskapleggjering av måten lausgjengarane vart handsama på og avviste kategorisk påstandar

---

<sup>56</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 124.

<sup>57</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 108.

<sup>58</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 108.

<sup>59</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 117.

om at bruken av sakkyndige for å vurdere sinnstilstand og grad av alkoholisme var uheldig trenerande i desse sakene. Tvert om burde påtalemyndighet og domstolane nettopp i samband med lausgjengarsakene i ”en ganske anden utstrækning bruke sakkyndig bistand, end det nu skjer.”<sup>60</sup> Han viste til utanlandsk forskning som fann at typiske lausgjengarar ofte var ”abnorme personer”, anten på grunn av idioti, imbecilitet og/eller alkoholisk sløvsinn.

Klagemåla, særleg frå politiet, tyder på at lausgjengarlova var meint å ha den same målgruppa som fattiglova, men at den ikkje lenger gav politiet det same effektive verkemiddelet til å sanksjonere mot klientellet. Det galdt i særleg grad prostituerte kvinner, men som me har sett også overfor det tradisjonelle mannlege klientellet. For desse var det særleg sjukleggjeringa av rusmisbrukaren som hadde skapt problem, saman med det strenge beviskravet.

Det er påfallande at ein under debatten om korleis lova hadde verka dei første åra, ikkje tok for seg kva betydning tvangsarbeidet hadde hatt for rehabiliteringa av dei innsette. Perspektivet var som vist underordna under utforminga av lova, og fall meir eller mindre heilt vekk under iverksetjinga. Det manglande fokuset kunne nok også botna i dei sørgjelige resultatane. Ei undersøking frå tidleg på 1930-talet viste at over halvparten av dei som vart lauslatne frå kur- eller tvangsarbeidsanstalt innan tre månader på ny vart domfelt etter lausgjengarlova.<sup>61</sup> 90 prosent vart domfelt innan to år frå lauslatinga. Sjølv om dei behandlingssmessige resultatane av lausgjengarlova var minimale, var ikkje *edruskapsaka* på nokon måte død. Ein alkoholkommisjon vart i 1910 nedsett med Johan Scharffenberg som ivrig medlem. Han la i 1916 fram eit forslag til lov om motarbeiding av alkoholbruk.<sup>62</sup> Her vart edruskapsnemnder sentralt, mellom anna med myndigheit til å innsetja alkoholiserede på tvangsarbeid. Scharffenberg fekk imidlertid liten merksemd for arbeidet, og først etter opphevinga av brennevinsforbodet i 1926 kom eigentlege reaksjonar på lovutkastet. Same året vart det nedsett ein edruskapskommisjon som i 1932 enda med ei lov om edruskapsnemnder og behandling av drikkfeldige.<sup>63</sup> Nemndene skulle vere kommunale og ha både førebyggjande og behandlande funksjonar. Dei skulle gripe inn på eit tidleg tidspunkt, før alkoholmisbruket hadde ført til tilstrekkeleg antal domfellingar som kunne gi tvangsarbeid. Etter initiativ frå misbrukaren sjølv, politi, familie eller enkelte andre instansar, skulle nemnda undersøke saka. I første omgang skulle nemnda hjelpe til med arbeidssøking, miljøskifte, kontakt med lege, råd

---

<sup>60</sup> *Forhandlingar ved Den norske Kriminalistforenings syvende møte i Desember 1912*, Kristiania 1913, s. 127.

<sup>61</sup> ??Kaare Pettersen: **Tvangsarbeiderne på Opstad : en sosialstatistisk analyse, Oslo 1942??**

<sup>62</sup> Asbjørn Løvslund: *”Det gjelder nå at kjerring og onger får fred”*. *Edruskapsloven av 1932 blir til*, Hovedfagsoppgåve i historie, UiO 1979, s. 38ff.

<sup>63</sup> 26.2.1932: Lov om edruelighetsnevnder og behandling av drikkfeldige



til pårørende og liknande. Berre i siste instans kunne nemnda, uavhengig av samtykke frå den det galdt, søke om innlegging på kurstad eller tvangsarbeidsanstalt. Den endelege avgjerda om tvangsinnlegging skulle likevel avgjerast av verjemålsretten.

Kostnadsmessige omsyn gjorde at lova vart utsett. Ein revidert versjon vart vedteken i 1939 og sett i kraft rett etter krigen.<sup>64</sup> Då vart til gjengjeld avgjerdsmyndigheita om tvangsbehandling av dei alkoholskadde lagt til dei kommunale edruskapsnemndene. Vedtak om tvangsbehandling, eller tvangsinternering var altså igjen gjort administrativt for grupper som sokna til lausgjengarlova. Asbjørn Løvslund undersøkte utforminga av edruskapslova og omtalte den som ei ofring av rettstryggleiken til fordel for renovasjonstanken.<sup>65</sup> På mange måtar var sirkelen tilbake til den gamle fattiglova slutta.

Lausgjengarlovas hovudformål var heilt frå utforminga uskadeleggjering og samfunnsforsvar. Innføringa av den judisielle handsaminga av lausgjengarsakene medførte ei sterk innskrenking i handlekrafta til politi og øvrigheit i ein slik grad at det vart oppfatta som eit stort problem. Det mektige "krigsskipet" som skulle avskrekka lausgjengarklientellet gjekk raskt på grunn. Følgjeleg vart også lovverket tilpassa, både lausgjengarlova og andre lovverk, slik at det lettare kunne oppfylle den uskadeleggjerande funksjonen den var meint å ha.

### **"Samfundet bør ikkje ale op skrap på de sunde og dygtiges bekostning"**

Tvangsparagrafane i lausgjengarlova vart oppheva i 1970 etter massiv kritikk på 1960-talet, særleg frå fagmiljø som arbeidde med sosiale spørsmål, og frå akademia generelt.<sup>66</sup> Lova vart oppfatta som ei klasselov som handsama klientellet på ein nedverdiggande og uakseptabel måte. Slik vart den ikkje oppfatta rundt hundreårsskiftet og i tida framover. Korleis kunne interneringa og uskadeleggjeringa vera så uproblematisk i samtida?

Bernhard Getz var som vist ei drivande kraft bak lova og den som i størst grad prega utforminga av den. Når Getz fekk slik gjennomslag var det ikkje berre på grunn av autoriteten han hadde, men naturlegvis også fordi tankane hans fann klangbotn i samfunnet generelt. Slutten av 1800-talet og første halvdel av 1900-talet var prega av ei rekkje tiltak som innskrenka den personlege fridomen, samtidig som perioden også var prega av ei utviding av rettar. Til dømes vart stemmeretten utvida, først for menn og seinare for kvinner. Men ein føresetnad for utviding av rettar var i mange samanhengar nettopp ei innsnevring av den

---

<sup>64</sup> Sjå Asbjørn Løvslund: "Det gjelder nå at kjerring og onger får fred". *Edruskapsloven av 1932 blir til*, Hovudfagsoppgåve i historie, UiO 1979

<sup>65</sup> Løvslund 1979, s. 150

<sup>66</sup> Sjå til dømes Anne Marit Thorsrud: "Kampen om løsgjengerloven" i *Rus & avhengighet*, Universitetsforlaget 2000

personlege fridomen. Det galdt særleg rettar innanfor det sosialpolitiske området og i arbeidslivet, normalarbeidsdagar, minsteløn, arbeidarvern og ulykkesforsikringar. Dette var utvida rettar for arbeidarar, men innskrenking i den handlingsrammene til arbeidsgjevarar.

Utvidinga av rettar skulle vera grunnlag for velferdsheving blant folk flest, og det måtte nødvendigvis i mange tilfelle skje på kostnad av den personlege fridomen. Den vart ofra for det ein oppfatta som samfunnet sitt beste, nemleg velferden til *fleirtalet*. Den same funksjonen hadde dei ulike tvangstiltaka som vart etablert i perioden. Ein uthola rettstryggleiken til fordel for samfunnsforsvaret. Lover innanfor helsevesenet etablerte prinsippet om verne dei friske mot dei sjuke. Både i samband med sunnheitskommisjonane frå 1860, lepralova i 1873 og tuberkuloselova frå 1900 vart tvang akseptert som verkemiddel for å oppnå akkurat det. Tidlegare hadde også tvang vore brukt for å kontrollera prostituerte kvinner for kjønnsjukdomar, og heilt tilbake til mellomalderen vart tvungen karantene ved pestepidemiar nytta. Kunne ein legitimera tvang som verkemiddel for å hindra smitte frå desse gruppene, vart heller ikkje vegen til å legitimera tvang overfor lausgjengarklientellet lang. Dei kunne ikkje smitta fysisk, men den moralske smittefaren vart oppfatta som stor, og dermed var dei ei fare for samfunnet og velferden.

Legevitskapen hadde sjukleggjort alkoholmisbrukaren, ei forståing som også vart akseptert av andre vitenskapar og beslutningsmyndigheiter. Også utover på 1900-talet var det ei aukande interesse for alkoholisme som fysisk og psykisk sjukdom. Også andre lidingar gjekk gjennom ei sjukleggjering og profesjonalisering, først og fremst av medisinarar og psykiatarar. Det vaks fram ein aksept for at samfunnet skulle rensast for dei sjuke og det sjukelege, både fysisk og psykisk, og at dette kunne skje gjennom tvang. Den sentrale psykiatren Ragnar Vogt speigla samtidas syn på lausgjengarane då han i sine forelesingar for jusstudentar i 1906 karakteriserte lausgjengarane som: ”et udvalg af det slettest mulige menneskestof.”<sup>67</sup> Lausgjengarane lot sjeldan eit høve for tjuveri gå frå seg, men dreiv ikkje med planmessig forbrytarverksemd. Til det var dei for slappe og haldningslause, mente han. Vogt viste til utanlandske undersøkingar som viste at lausgjengarar også ofte lei av ulike psykiske lidingar, som alkoholisme, sinnsjukdom og epilepsi. Dei same utanlandske undersøkingane gav også Vogt grunn til å slå fast at lausgjengarar var medfødd utsett for moralske forfall, som resultat av det dårlege menneskestoffet dei sprang ut frå. Dette var endå meir utvetydig uttalt då han tok for seg omstreifarfolket:

---

<sup>67</sup> Ragnar Vogt: *Samfundssygdomme. Forelæsinger for jurister*, Kristiania 1906, s. 105.

”En gruppe for sig danner hos os det egentlige taterfolk. Her stiller vel forholdet sig snarest saaledes, at en mindreværdig, men i hovedtrækkene sund race ikke godt formaar ved egen hjælp at afpasse sig til vor mer fremskredne samfundsorganisation.”<sup>68</sup>

Vogt meinte at ein kunne ramma rota i lausgjengeriet ved å hindre at nettopp sinnsjuke, epileptikarar, alkoholikarar og andre sinnssvekka personar forplanta seg.<sup>69</sup>

Arvehygienen fekk raskt mange tilhengarar. Biologen Jon Alfred Mjøen grunnla i 1906 eit rasehygienisk institutt i Oslo.<sup>70</sup> Vinderen Biologiske Laboratorium var privat og arbeidde nettopp med arvelære og rasehygieniske spørsmål. Mjøen vart ein aktiv forkjempar for rasehygiene frå byrjinga av og til utpå 1930-talet, og gjekk inn for i første omgang internering av alle slags biologisk degenererte menneske for der å setja i gang stortstilte tvangssteriliseringprogram av dei internerte.<sup>71</sup> Mjøen var kanskje den som mest radikalt gjekk inn for arvehygiene, og han kom også i konflikt med meir moderate arvehygienikarar som blant anna Vogt. Striden mellom Mjøen og Vogt gjekk berre delvis på synspunkt omkring arvehygienen, Vogt var som nemnt meir moderat, men først og fremst på den vitenskaplege metoden som Mjøens motstandarar meinte han mangla. Mjøen vart framstilt som ein fagleg dillettant.

Arvehygieniske synspunkt var uansett vidt akseptert, også langt inn på venstresida. Johan Scharffenberg, sentral arbeidarpartimann, samanlikna i 1932 den menneskelege arvehygiene med avl av husdyr og kulturplantar og meinte den same rasjonaliteten burde brukast i menneskeavlen.<sup>72</sup> Scharffenberg formulerte same året at ”triumviratet Mendel [pioner på arvelovar], Malthus og Marx bør være arbeiderklassens ledere i kampen for en bedre menneskehet i et bedre samfund”.<sup>73</sup> Den gamle arbeidarpartiveteranen Alfred Eriksen hadde allereie i 1918 rykka ut med støtte til Mjøen i debatten om arvehygiene og konkluderte også at røynslene frå rasehygienen viste at heile kvinnesaka var ”den rene fordærvelse”.<sup>74</sup> Eriksen var også medlem i Rådgivende Norske Komité for Rasehygiene. Martin Tranmæl uttalte midt på 1930-talet at det var dei sunne og friske som burde få barn, sveklingar burde derimot ikkje

---

<sup>68</sup> Ragnar Vogt: *Samfundssygdomme. Forelæsinger for jurister*, Kristiania 1906, s. 111.

<sup>69</sup> Ragnar Vogt: *Samfundssygdomme. Forelæsinger for jurister*, Kristiania 1906, s. 111.

<sup>70</sup> Nils Roll-Hansen: ”Debatten om rasehygiene” i *Historisk Tidsskrift* band 59 1980, s. 260. Asbjørn Løvslund: ”Det gjelder nå at kjerring og onger får fred”. *Edruskapsloven av 1932 blir til*, Hovidfagsoppgåve i historie, UiO 1979, s. 32.

<sup>71</sup> Olav Rune Ekeland Bastrup og Aage Georg Sivertsen: *En landevei mot undergangen : utryddelsen av taterkulturen i Norge*, Oslo 1996, s. 208.

<sup>72</sup> Nils Roll-Hansen: ”Debatten om rasehygiene” i *Historisk Tidsskrift* band 59 1980, s. 277

<sup>73</sup> Johann Scharffenberg: *Hovedpunktene i Arvelæren*, Oslo 1932, s. 7, her etter Roll-Hansen 1980, s. 276.

<sup>74</sup> Roll-Hansen 1980, s. 271.

det.<sup>75</sup> Karl Evang, framstående arbeidarpartimann og seinare helsedirektør, formulerte det slik i 1934: ”Den tanke f.eks. å begrense antallet dårlige arvebærere, er en helt rasjonell tanke, som socialismen alltid har gått inn for.”<sup>76</sup> Også andre sentrale skikkelsar innan arbeidarrørsla talte for bruk av rasehygiene som eit middel til å heva arbeidarklassa i ”kvalitet” og vyrdnad.<sup>77</sup> I 1916 fekk arvehygienen ein meir formell vitenskapleg basis ved at Universitetet i Oslo fekk midlar til å oppretta Institutt for arvelighetsforskning.<sup>78</sup>

Då lova om tvangssterilisering av sinnsjuka og personar med mangelfullt utvikla sjelsevner kom i 1934, var det i og for seg ein naturleg konsekvens av det ukontroversielt rådande samfunnssynet. Det var ingen fullstendig konsensus omkring arvehygienen og betydninga den hadde for å forebygge uønska psykiske tilstandar. Louis Mohr, som innleia striden med Mjøen i 1915, nedtona betydninga av arv til fordel for miljø som avgjerande for den psykologiske og mentale tilstand til ei befolkning.<sup>79</sup> Likevel skal me sleppe til Johan Scharffenberg for å illustrere synet på arvehygiene i åra rett før lova kom i stand:

”Mange av de arvemessig dårligst utstyrte mennesker står så lavt i intelligens og moral at de bare følger sine drifter uten tanke på ansvaret for barna. Samfundet må ha rett til å gripe inn mot deres forplantning, og da *ekteskapsforbud* ikke hindrer barneavl, er de eneste brukbare midler er internering (som vil falle meget kostbar) eller *tvungen sterilisasjon*. De som selv ikke kan forsørge og oppdra barn, har ingen ’naturlig menneskerett’ til å avle barn som *andre* skal forsørge, og aller minst når også disse barn senere i livet blir en lignende byrde for samfundet [...] Tidligere bukket mange syke og defekte mennesker snart under av mangel på pleie, og fikk liten anledning til å forplante seg. Vår tids humane forsorg holder liv i dem; vrangsidene av denne humanitet er at de får lov til å avle barn, som ofte får de samme skavanker og må forsørges av samfundet. Når menneskene hindrer seleksjonen gjennom kampen for tilværelsen fra å rense slekten, må slektskygiene tre i dens sted. Ellers vil humaniteten virke *kontraselektorisk* og skade folkestammen. Samfundet bør ikke ale op skrap på de sunde og dygtiges bekostning.”<sup>80</sup>

Legitimerina av tvangssteriliseringa var altså delvis grunna på ønske om å hindre forplantning av visse typar arvemessige eigenskapar, altså eugeniske argument, dels ønske om å hindra dei umiddelbare økonomiske utgiftene som bortsetting av slike barn ville medføre. Lova om tvangssterilisering stod for øvrig ved lag fram til 1977, sju år etter at tvangsbestemmelsane i

---

<sup>75</sup> Uttalt i ein leiar i Arbeidarbaldet 19. juli 1935. Her etter Kåre H. Nilsen: *Det norske arbeiderparti og befolkningsspørsmålet i mellomkrigstiden*, Hovudfagsoppgåve, Bergen 1978, s. 97.

<sup>76</sup> Karl Evang: *Rasepolitikk og Reaksjon*, Oslo 1934, s. 130-31, her etter Roll-Hansen 1980, s. 279

<sup>77</sup> Olav Rune Ekeland Bastrup og Aage Georg Sivertsen: *En landevei mot undergangen : utryddelsen av taterkulturen i Norge*, Oslo 1996, s. 211

<sup>78</sup> Roll-Hansen 1980, s. 270.

<sup>79</sup> Roll-Hansen 1980, s.273ff.

<sup>80</sup> Johann Scharffenberg: *Hovedpunktene i Arvelæren*, Oslo 1932, s.107-108, her etter Roll-Hansen 1980, s. 276.

lausgjengarlova fall. Høvet til å tvangssterilisera fall ikkje vekk i 1977, men vart sterkt innskrenka.

Lausgjengarlova var ei klasselov i den forstand at den ramma dei lågaste sosiale laga. Pjølterdrankarane i dei borgarlege heimane kring om, vart i praksis ikkje omfatta av lova. Dei hadde ein privat sfære å utøve rusmisbruket i, og var heller ikkje i ein deprivert økonomisk situasjon som gjerne førte til kontakt med øvrigheit.

Men det er forenkla så sjå på lausgjengarlova som eit reiskap for ei klasse til å utøve makt og kontroll over ei anna, og særleg generalisert ved borgarskapet og mellomklassa over arbeidarklassa. For det første var mange innanfor arbeidarklassa sjølv grunnleggande skeptiske til lausgjengarklientellet, og for arbeidarrørsla var det eit hovudpoeng å skilje desse gruppene ut frå fattiglova. Å verte sett i bås med lausgjengarar, drukkenboltar, og for så vidt kriminelle – alle, inkludert fattigmottakaren, mista til dømes røysteretten, gjorde fattighjelpa ekstra stigmatiserande for såkalla vanlege og heiderlege arbeidarar. Ei slik utskiljing vann difor eit breitt gehør, ein mista ikkje høvet til å uskadeleggjera denne gruppa, men reduserte sjansen for at fattighjelp skulle vera stigmatiserande.

I tillegg kunne tvang vere horisontalt initiert, ikkje berre vertikalt. I dei fleste tilfella var det nettopp det nære miljøet rundt lausgjengarklientellet, familie og naboar, som lei mest under ordensproblema som følgde, og under fattiglova sitt regime var dette grupper som ofte tok initiativ til tvangsarbeid.<sup>81</sup> Allereie kommisjonen som utarbeidde lausgjengarlova var opptatt av at ein måtte kunna gripa inn i den private sfæra når drukkenskap førte til spetakkel der naboar vart forulempa og familien måtte beskyttast fysisk. I 1914 var som vist det manglande høvet til å gripa inn i familieuorden ei viktig innvending mot lausgjengarlova. Lova om edruskapsnemnder på 1930-talet nemnde også mishandling av ektefelle eller barn, eller utsetting av barn for usedeleg fordervelse og vanrøkt som tilstrekkeleg grunnlag for tvangsinnleggjing. Karakteristisk nok brukte Løvsland eit sitat frå debatten som tittel på si undersøking: ”Det gjelder nå at kjerring og onger får fred”.<sup>82</sup>

Tvangsarbeidet skulle vera avskrekkande – som eit frykta krigsskip, men hovudpoenget var ikkje å påføra nokon eit onde. Tvert om var det heilt tilbake til tvangsarbeidsanstaltane på 1800-talet eit ønske og for så vidt håp om at klientellet skulle kunne rehabiliterast og reintegrerast i samfunnet. Det var heller ikkje eit maktmiddel lagt i henda på ei samfunnsklasse for å kontrollera ei anna. Tiltaka, både lausgjengarlova og andre bestemmelsar som involverte tvang, vart sett på som nødvendig samfunnsforsvar, ikkje berre av styresmakter, men av folk

---

<sup>81</sup> Ulvund 2002, s. 402

flest. Lausgjengarlova må også sjåast i samband med andre tiltak innanfor helse og sosialpolitiske området. Ein skulle førebyggje og gripe samfunnsproblem ved rota, dei skulle helst utryddast, anten det var epidemiar eller mentale lidingar. Der problema ikkje lot seg kurere, skulle dei uskadeleggjerast, og for lausgjengarlova sitt klientell innbar det i første rekke internering. Denne haldninga var dominerande, frå utforming via iverksetjing til evalueringa av virkemåten til lausgjengarlova. Straff var sanksjonar mot konkrete handlingar som er definert som ulovlege. Tvang var sanksjonar mot uakseptable tilstandar som enkeltindivid befann seg i, ofte fordi det vart oppfatta som eit samfunnsproblem utover individet sjølv. På slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet vart det legitimt å gripe inn mot stadig fleire slike tilstandar gjennom tvang. Slik framstår lausgjengarlova som tidstypisk.

---

<sup>82</sup> Utrykket skal ha tilhøyrd byråsjef Welhaven som førebudde edruskapslova i departementet i samtale med avisa Tidens Tegn 5.1.1939. Her etter Løvslund 1979, s. 131